

Emnerapport h-2012

SANT 302 Individuell prosjektutvikling

Emneansvarlig: Mary Bente Bringslid

Forelesere: Mary B. Bringslid

Emnerapporten er blitt forelagt for og behandlet i undervisningsutvalget ved Institutt for sosialantropologi.

Emnets oppbygging

Undervisningsform: SANT 302 er ei blanding av førelesing og seminar som går parallelt med vegleiring frå individuell vegleiar. Målet for kurset er utvikling av det individuelle masterprosjektet. Seminaret arbeider med å ferdigstille prosjektskildringa, som så blir lagt fram for ein prosjektkomite (Vegleiar pluss ein frå fagleg stab) for godkjenning. Kurset startar med to førelesingar, så eit første heildagsseminar der eit tidleg utkast til prosjektskildring blir lagt fram og diskutert, deretter ei førelesing om fagetikk og ein om biblioteksbruk, for så å avslutte med heildagsseminar der den «nesten ferdige» versjonen av den individuelle prosjektskildringa blir lagt fram.

Obligatoriske arbeidskrav:

Eksamensform: Deltaking i to heildagsseminar, eige innlegg og som opponent. Godkjenning av endeleg prosjektskildring frå prosjektkomite (bestått/ikkje bestått).

Oppsummerende statistikk

Vurderingsmeldte studenter

	Undervisnings-/vurderingsmeldte	Møtt	Bestått
Antall studenter	23	22	22

Karakterfordeling: ikkje relevant

	A	B	C	D	E	F
Ant. Stud.						

Strykprosent: 0

Evaluering av emnet

Evaluatingsform:

- a) Prosessuell evaluering: Samtalar med studentane og med dei andre fagleg ansvarlege på masterprogrammet, med sikte på å sjå og å hjelpe fram kvart einskild prosjekt. Evaluering i plenum på siste kursdag.

b) Midtveisevaluering: ikkje relevant

c) Spørjeskjema: ikkje relevant.

d) Kontinuerlig kontakt mellom lærer og studenter: Kursets hovudtema, dei individuelle prosjekta krev, og er eit godt utgangspunkt for god kommunikasjon mellom fagleg ansvarleg og studentar. Denne kontakten kan også ta form av kommunikasjon på e-post eller samtalar med enkeltstudentar i pauser, eller som del av instituttets kvardagsliv. Det siste ligg det godt til rette for sidan masterstudentane på sosialantropologi er samlokaliserte med fagleg stab.

Pensum: Kurset har ikkje ordinær felles pensumliste. I hovudsak arbeider kvar student med å utvikle oversyn over og innsikt i litteratur som er relevant for det individuelle prosjektet. Studentane gav uttrykk for at SANT 302 bidrar til dette.

Kurset har dessutan eit felles pensum på ca 200 s som handlar om fagetikk, som studentane gav positiv tilbakemelding på.

Forelesningar/Seminar: Førelesing- og seminarform går i dette kurset i stor grad over i kvarandre. Sentralt i SANT 302 står framlegging av individuelle prosjektutkast, samtale og tilbakemelding, noko som føreset god kontakt mellom seminar deltakarar og seminarleiar. Studentane gav inntrykk av at dette fungerte godt.

Studentane var særleg nøgde med dei konkrete døma på feltarbeidssituasjonar dei fekk presentert frå to av våre ferske master/phd-kandidatar. Studentane var også nøgde med at kurset tek opp sosiale media og feltarbeid som tema. Studentane uttrykte derimot ein viss frustrasjon over det obligatoriske NSD-skjemaet som kan vere vanskeleg å kjenne seg att i for antropologar, og over det dei opplevde som noko uklare retningslinjer for utfylling av skjemaet. Mest kritisk var dei til biblioteksundervisninga, som fleire meinte var ei gjentaking av det dei alt hadde frå BA-nivå.

Opplevd læringsutbytte: Studentane gav uttrykk for å vere nøgde med seminaret som hjelp til å utvikle eige prosjekt.

Oppfølging: Vi vil fortsetje med å bringe inn ferske antropologars felterfaringar for å auke masterstudentanes innsikt i denne sida av faget. Vi vil dessutan arbeide med å gjere biblioteksundervisninga meir interessant for studentar på masternivå.